

# Møteprotokoll

**Utval:** **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre**  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset i Naustdal  
**Dato:** 23.04.2014  
**Tidspunkt:** 10:00

**Følgjande faste medlemmar møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leder	
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	

**Følgjande medlemmar meldte forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Jorunn Eide Kirketeig	MEDL	

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

---

---

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/14	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
ST 3/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om bygging av enkel traktorveg til Berdalselva - Rygg og Grov sameige		2013/4999
ST 4/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om å nytte påhengsmotor - Gimmestad/Moen sameige		2014/463
ST 5/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om oppføring av uthus - Marius Ness		2014/719
ST 6/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om bygging av utedo på Arnestadstøylen - Arnestad grunneigarlag		2014/1482
ST 7/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Buføringsveg i Traudalen		2011/2171
ST 8/14	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - prioritering av bestillingsdialogmidlar for 2014		2014/1221
ST 9/14	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyringsuttale til Gjengedal kraftverk		2011/2171
ST 10/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Høyringsuttale Kupekraft		2011/2171
RS 1/14	Orienteringssaker		
ST 11/14	Eventuelt		

## **ST 1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Framlegg til vedtak:**

Styret godkjener innkalling og sakliste

### **Vedtak**

#### Merknad til sakliste:

Styret diskuterte om styreleiar var habil til å vere med å handsame sak ST 10/14 om høyringsuttale til Kupekraft. Årsaka til det er tidlegare arbeidsforhold med Sunnfjord Energi. Styret konkluderte med at styreleiar var habil, då det ikkje var personlege interesser inne i biletet.

Med den merknaden godkjente styret innkalling og sakliste

## **ST 2/14 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Framlegg til vedtak:**

Styret godkjener og signerer protokoll frå førre møte

### **Vedtak**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte nr 4/13

Arkivsaksnr: 2013/4999-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 24.03.2014

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	3/14	23.04.2014

## **Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om bygging av enkel traktorveg til Berdalselva - Rygg og Grov sameige**

### **Dokument i saka:**

- Søknad om bygging av enkel traktorveg frå Rygg og Grov sameige

### **Bakgrunn**

Rygg og Grov sameige søkte hausten 2013 om å få bygge traktorveg klasse 7 frå Osen og inn til Berdalselva i Traudalen. Søknaden vart avslått av Naustdal-Gjengedal verneområdestyre. Avslaget var grunngjeve med manglande heimel i verneforskrifta til å bygge traktorveg klasse 7, og dessutan dårleg lønsemeld med vegen. Rygg og Grov sameige søker no på nytt, men no om traktorveg klasse 8 og med nye tal som grunnlag for lønsemeld til vegen.

### **Søknad**

Rygg og Grov sameige søker om å få bygge traktorveg frå Osen i Traudalen og inn til Berdalselva på nordvestsida av vatnet. Dei søker om å få bygge veg i vegklasse 8, som er enkel traktorveg – den enkleste skogsvegklassen. Vegen skal følgje same traseen som i den avslalte søknaden frå 2013.

Hovudføremålet med vegen er å ta ut vyrke som skal nyttast som ved. Søkjane melder at sogen her vil ikkje verte tatt ut om ikkje her kjem veg. I tillegg vil vegen kunne kome til nytte i samband med hjortejakt og friluftsliv.

Sameiga har henta inn tilbod på bygging av vegen, der det lågaste tilbodet kom på 660 kr per meter veg.

## **Verneforskrift og regelverk**

Alle store inngrep, inkludert vegbygging, er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet. Det er likevel heimla nokre unntak i verneforskrifta, mellom anna for å bygge enkel traktorveg inn til Berdalselva

*Verneforskrifta § 3:*

1.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:*

[...]

j) *Bygging av ein enkel traktorveg frå Osen og innover mot Berdalselva i Traudalen.*

Verneområdestyret har altso heimel i forskrifta til å gje løyve til å bygge ein enkel traktorveg på denne strekninga. Merk at det i forskrifta står at styret *kan* gje løyve, og at det ikkje er nokon automatikk i at søknaden skal få medhald, sjølv om vegen er omtala i verneforskrifta.

## **Vurdering**

Som nemnt i saksutgreiinga til den første søkeren, so er Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde verna for å ta vare på eit vakkert og variert landskap som er tilnærma fritt for tunge inngrep. Det er derfor i utgangspunktet ikkje ønskeleg med inngrep i landskapet som til dømes vegbygging, som det er i alle landskapsvernområde. Likevel er det slik at det på visse vilkår kan gjevast løyve til å bygge to vegen i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og den vegen det her er søkt om er ein av dei.

Når det gjeld dei generelle vurderingane kring bygging av veg i Traudalen, med omsyn til landskap og naturverdiar, syner eg til saksutgreiinga til den første søkeren.

Då den førre søkeren vart avslagen, var manglande lønsemrd eit viktig moment for det utfallet. I samband med den nye søkeren har sameiga presentert nye tal og trekt fram nokre moment som dei meiner bør vektleggast i vurderinga av søkeren.

Sameiga har henta inn fleire tilbod på bygging av traktorveg klasse 8. Det billegaste tilboden er på 660 kr per meter veg. Det gjev ein samla totalkostnad på vegen på om lag 1,2 mill kr, litt mindre enn det som vart lagt til grunn i første saksutgreiinga.

Når det gjeld nytteverdien av vegen so peikar sameiga på at vegen vil kunne brukast i lang tid framover, og at lauvskogen i dette området vil ha kortare omløpstid enn barskog (som det er vanleg å legge til grunn for slike kalkyler). Kalkylen frå første utgreiinga syner at ein i første omgang kan løyse ut ved til ein verdi opp mot 600.000 kr ved hjelp av vegen. Med ein syklus for hogst av lauvskog på 25-30 år, so vil ein kunne rekne med minst to og truleg fleire uttak av skog i vegen si levetid. Grovt rekna vil ein derfor kunne rekne med at skogsvegen vil ha lønsemrd på sikt når vi ser den i eit langt tidsperspektiv.

Verneområdeforvaltar har vore på synfaring i området og det er ingen tvil om at her er eit stort potensiale for uttak av ved. Her står og noko furuskog som kan løysast ut med denne vegen.

Sameiga peikar på at vegen har nytteverdi i samband med hjortejakt og friluftsliv. For hjortejakta sin del er det ofte knytt opp mot bruk av motorferdsel ved inntransport av jegerar og uttransport av felt vilt. Verneforskrifta opnar ikkje for bruk av køyring på barmark i samband med jakt, og ein kan ikkje rekle med å få løyve til det sjølv om her skulle komme ein skogsveg her. Det kan derfor ikkje vektleggast i nemneverdig grad, og det ville uansett vore veldig vanskeleg å talfeste denne eventuelle verdien for jakt og jaktutleige.

Nytteverdi for friluftsliv er og vanskeleg å konkretisere. Mesteparten av turtrafikken i Traudalen går på andre sida av vatnet, men mange legg og turen rundt vatnet. Det er vanskeleg å spå om denne trafikken framleis vil gå på stien langs vatnet, eller om turfolk vil velje denne vegen lenger oppe i fjellsida. Mest truleg vil stien langs vatnet framleis verte brukt mest, då vegen vil bety om lag 100 høgdemeter stigning. Då nytteverdi for jakt og friluftsliv ikkje vert tillagt avgjerande vekt, er det først og fremst nytteverdi for skogsdrift som vert vurdert.

Det vil alltid vere kontroversielt å bygge veg inn i eit verna område, då det er nettopp denne typen inngrep områda skal vernast frå. Den prinsipielle vurderinga som opnar for at denne vegen likevel skal kunne byggast er allereie gjort i prosessen ved opprettig av vernet, og stadfesta i kongeleg resolusjon og i verneforskrifta. Verneområdestyret si oppgåve vert då i praksis å vurdere under kva vilkår ein slik veg skal kunne byggast, og følgje opp ei eventuell bygging av vegen.

Tilpassing til landskap og terrenget, slik at vegen vert so lite synleg i terrenget som mogeleg, vert eit veldig viktig moment ved ei eventuell bygging av denne vegen. Terrenget består av lausmassar og mykje stor stein. Her er lite ope fjell og det er truleg ikkje behov for fjellsprenging, men det kan vere naudsynt med sprenging av enkelte store steinar. Sprenging må uansett haldast på eit minimum, og det vil vere eit viktig tema når ein skal bestemme traseen for ein eventuell veg.

Etter verneområdeforvaltaren sitt syn er dei to viktigaste momenta for å kunne gje løyve til å bygge vegen på plass; det er heimel i forskrifta til å bygge traktorveg i klasse 8, slik som det er søkt om, og kalkylen syner at vegen er lønsam på lengre sikt. Det er likevel viktig å legge vilkår til eit eventuelt løyve og følgje opp bygging av vegen slik at ein sikrar at omsynet til landskap og naturmiljø vert ivareteke.

### **Vurdering av miljøprinsippa i naturmangfaldlova (nml)**

Kunnskap om natur- og miljøverdiar er det same som i førre saksutgreiing (Naturbase, Artsdatabanken, Fylkesatlas og kongeleg resolusjon). I tillegg kjem nye opplysningar og vurderingar som er kome fram i samband med ny søknad frå Rygg og Grov sameige og i dialogen som verneområdeforvaltar har hatt med søkjær og med Gloppe kommune. Verneområdeforvaltar har og vore på synfaring i området. Kunnskapsgrunnlaget (jf. nml § 8) må seiast å vere solid. Føre-var-prinsippet (jf. § 9) er ikkje aktuelt her.

Dette er ein av berre to vegar som det er opna for å bygge med heimel i verneforskrifta. Det er derfor ikkje fare for at denne saka skal skape nokon presedens som kan gå ut over verneverdiane seinare. Samla belastning (jf. § 10) av eksisterande aktivitet i dette området er låg. Den einaste motorferdsel som er aktuell her er køyring til nausta på eksisterande veg (som har fått løyve tidlegare), eventuell køyring på snødekt mark i samband med hogst (ingen løyver per i dag) og Røde Kors si kjentmannskøyring (tidlegare år har det vore gjeve løyve til to turar per år innover Traudalen).

Det er ikkje aktuelt med nokon alternativ plassering av vegen (jf. § 12 om mest skånsam metode og lokalisering), men av omsyn til terrenget og landskapet bør det ved bygging av veg i eit verneområde byggast ein so enkel veg som muleg med bruk av stadeigne masser og minst muleg synlege inngrep i terrenget og landskapet. Her bør det leggast inn vilkår i eit eventuelt løyve om at verneområdeforvaltning og naturoppsyn følgjer opp arbeidet og kan kome med føringar undervegs.

### **Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

Rygg og Moen sameige får løyve til å bygge ein 1850 meter lang traktorveg etter den traseen dei har søkt om, frå Osen til Berdalselva på nordvestsida av Traudalsvatnet. Løyve vert gjeve med følgjande vilkår:

- Vegen skal byggast etter standard for vegklasse 8 – enkel traktorveg
- Før bygging av vegen startar skal sokjaren, verneområdeforvaltninga og naturoppsyn ha synfaring der ein går gjennom traseen
- Eventuell sprenging skal berre skje etter godkjenning frå verneområdeforvaltninga
- Verneområdeforvaltninga kan kome med føringar undervegs i bygginga, og kan stogge arbeidet om føringane ikkje vert fylgde
- Når vegen er ferdig skal det vere sluttssynfaring
- Løyvet er gyldig i 10 år. Om ikkje bygging har starta opp innan 10 år, so må det søkjast på nytt.

### **Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 23.04.2014**

### **Vedtak**

Rygg og Moen sameige får løyve til å bygge ein 1850 meter lang traktorveg etter den traseen dei har søkt om, frå Osen til Berdalselva på nordvestsida av Traudalsvatnet. Løyve vert gjeve med følgjande vilkår:

- Vegen skal byggast etter standard for vegklasse 8 – enkel traktorveg
- Før bygging av vegen startar skal sokjaren, verneområdeforvaltninga og naturoppsyn ha synfaring der ein går gjennom traseen
- Eventuell sprenging skal berre skje etter godkjenning frå verneområdeforvaltninga
- Verneområdeforvaltninga kan kome med føringar undervegs i bygginga, og kan stogge arbeidet om føringane ikkje vert fylgde
- Når vegen er ferdig skal det vere sluttssynfaring
- Løyvet er gyldig i 3 år. Om ikkje bygging har starta opp innan 3 år, so må det søkjast på nytt.

Arkivsaksnr: 2014/463-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 25.03.2014

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	4/14	23.04.2014

## **Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om å nytte påhengsmotor - Gimmestad/Moen sameige**

### **Dokument i saka**

- Søknad om dispensasjon til å bruke påhengsmotor fra Gimmestad/Moen sameige

### **Søknad**

Gimmestad/Moen sameige søker om å få nytte elektrisk påhengsmotor på Langedalsvatnet. Føremålet med motorferdsle er transport av material, forsyninger og utstyr til hytter, støylar og naust. Søkjaren peikar på at dette vil vere med å auke bruken av området til friluftsliv og rekreasjon.

Sameiga har opplyst til verneområdeforvaltaren om at dei representerer 11 bruk, og at desse bruk vil ha eit behov for inntil 40 turar årleg. Behovet vil sjølv sagt variere, og dei fleste åra vil behovet truleg vere mindre, men inntil 40 turar vil vere ei dekkande ramme.

I tillegg har grunneigarane planer om reiselivsverksem i Langedalen, der dei ynskjer å frakte turistar på Langedalsvatnet med båt og elektrisk motor. Dei søker derfor også om løyve til å nytte elektrisk påhengsmotor til dette føremålet.

### **Verneforskrift og regelverk**

Motorisert ferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernombordet. Men verneforskrifta opnar for å gje løyve til motorisert ferdsel til visse føremål.

Verneforskrifta § 3:

*5.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

*[...]*

*b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite*

*[...]*

*e) transport av varer til hytter og stølar*

*f) transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på stølshus, hytter, gangbruer og liknande.*

Forvaltningsstyresmakta har altso heimel til å gje løyve til den delen av søknaden som gjeld transport av varer og material.

Transport av folk i båt med motor i turismesamanheng fins det ikkje opning for i verneforskrifta. Den delen av søknaden må derfor handsamast etter unntaksregelen i naturmangfaldlova § 48.

#### § 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

I dette tilfellet må det vurderast om tiltaket er i strid med verneføremål eller om det kan påverke verneverdiane negativt.

Bruk av båt med motor på Langedalsvatnet vert og regulert av Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Det er kommunen som handsamer denne lova. Langedalsvatnet er under 2 km<sup>2</sup>, og der er derfor ikkje generelt løyve til å bruke motor på båtane. Sameiga må derfor enten søkje om løyve eller sikre seg at motorferdsela går under ein av dispensasjonsreglane i motorferdsellova.

#### Vurdering

Som nemnt er denne søknaden todelt. Første del av søknaden handlar om grunneigarane sitt behov for å transportere varer og material til hytter, støylar og naust. Det er eit behov som «alltid» har vore der, og det er opna for å gje løyve til dette i verneforskrifta. Varer, forsyningar og utstyr til hytter, støylar og andre bygningar er naudsynt for at bygningane og bygningsmiljøet skal vere i bruk og haldast i hevd.

Til motorferdsel i verneområdet er det opna for tre transportmiddel i verneforskrifta; snøskuter på vinterføre, helikopter og båt med motor. Av desse er bruk av båt den mest skånsame metoden der den kan brukast. Den set ikkje spor og fører med seg minimalt med uro for dyreliv og turfolk. Slike løyver er ganske vanlege å gje når det er naudsynt behov for dei.

Andre del av søknaden gjeld frakt av turistar på vatnet som ein del av eit reiselivsprodukt. Det å bruke området til kommersiell reiselivsverksemd er fullt lovleg, so lenge det ikkje strider mot verneforskrift, anna regelverk, verneføremål eller kan skade verneverdiar eller naturmiljø. I verneforskrifta er det som nemnt eit generelt forbod mot motorferdsel, men der er opna for å gje løyve til motorferdsel i visse tilfelle. Frakt av turistar er ikkje blant desse tilfella, og ein har derfor ikkje heimel til å gje eit slikt løyve i verneforskrifta.

Søknaden må derfor vurderast etter den generelle unntaksregelen i naturmangfaldlova (nml) §48. Der står det at ein kan gjere unntak frå verneregler dersom tiltaket ikkje strider mot føremålet i vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane negativt. Det er ein føresetnad for at forvaltningsstyresmakta i det heile tatt skal ha heimel til å vurdere å gje eit slikt løyve, og i følgje forvaltningspraksis og retningslinjer skal denne unntaksregelen berre nyttast unntaksvis og tolka strengt.

Verneføremålet står i verneforskrifta § 2:

## § 2. Formål

*Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneholder. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.*

Her må vi sjå særleg på den siste setninga, og formuleringa om særleg teknisk tilrettelegging. Bruk av påhengsmotor må definerast som særleg teknisk tilrettelegging, og bruk av motor i samband med friluftsliv er derfor i strid med verneføremålet. Søknaden gjeld reiseliv, men den reiselivsverksemda som det er søkt om har so mykje til felles med friluftsliv at det må vurderast under same føresegna. Etter verneområdeforvaltaren si vurdering har ein derfor ikkje heimel etter nml § 48 til å kunne gje løyve til den delen av søknaden som gjeld bruk av motor i reiselivssamanhang.

Sameiga søker om å få nytte elektrisk påhengsmotor. Dei syner til at elektrisk påhengsmotor er meir miljøvenleg og skånsam enn forbrenningsmotor, då den er fri for utslepp og støy.

Verneområdeforvaltaren er einig i det resonnementet, men i lovverket er elektrisk motor sidestilt med forbrenningsmotor, og då må ein og likestille dei i sakshandsaminga.

Både frå nasjonalt og lokalt hald er det både ønskje og målsetning om å auke verdiskaping knytt til verna natur, og planane til sameiga passar sånn sett fint i den målsetninga. Bruk av elektrisk framkomstmedel for å vise fram flott natur er i utgangspunktet i tråd med prinsippa for naturvenleg turisme. Det er også ikkje vanskeleg å finne gode argument som støttar søknaden til sameiga, men som vist til so er det ikkje heimel i regelverket til å gje løyve.

## Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal all utøving av offentleg mynde som kan påverke natur og miljø vurderast opp mot miljørettsprinsippa i §§ 8-12. I § 8 vert det satt krav til at vedtaka skal baserast på eit godt kunnskapsgrunnlag. Langedalen og Langedalsvatnet er eit område forvaltninga kjenner godt gjennom tidlegare saker og fleire synfaringar. I tillegg er bruken av vatnet som ferdselsåre omtala i verneprosess og i utkast til forvaltningsplan. Ein har erfaring med bruk av båt med motor frå tidlegare saker her, og ikkje registrert negative effektar. Kunnskapsgrunnlaget må seiast å vere godt.

Langedalen er ei mykje brukt ferdselsåre, og den samla belastninga av motorferdsel må takast omsyn til, jf § 10. Omfanget av transport til hytter, stølar og naust vil vere avgrensa, då dette behovet berre gjeld dei som eig bygningar rundt vatnet. Derimot er det vanskeleg å seie kor stort omfanget av ei eventuell reiselivsverksemde i Langedalen kan bli. Sjølv om det er snakk om bruk av framkomstmiddel utan utslepp eller støy, so kan likevel reiselivsverksemde med mykje folk opplevast som belastande for enkelte.

Bruk av båt med elektrisk påhengsmotor er heilt klart den mest skånsamemotoriserte metoden, og vurdert som miljøforsvarleg jf. nml § 12.

**Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

1. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev Gimmestad/Moen sameige løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med transport til hytter, stølar og naust, og transport av utstyr i samband med beitedrift. Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta § 3, pkt 5.3. b), e) og f).

**Vilkår for løyvet:**

- Løyvet gjeld for perioden 2014 – 2016
  - Løyvet gjeld for inntil 40 turar kvart år, som styret i sameiga disponerer og kan fordele etter behov
  - Løyvet kan ikkje nyttast til rein persontransport, rekreasjon eller fiske
  - Det bør, so langt det er mogleg, ikkje køyrast på søndagar og heilagdagar
  - Det skal sendast rapport innan utgongen av november kvart år, om kor mange av turane som er nytta det året
  - Det kan nyttast elektrisk motor eller forbrenningsmotor, med motorstorleik opp til 10 HK / 7,5 kW.
- 
2. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknad frå Gimmestad/Moen sameige om å nytte elektrisk påhengsmotor i samband med transport av turistar på Langedalsvatnet. Avslaget er grunngjeve med at det ikkje er heimel i verken verneforskrifta eller i naturmangfaldlova § 48 til å gje eit slikt løyve som det er søkt om.

## **Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet - 23.04.2014**

### **Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ser positivt på at det vert nytta elektrisk påhengsmotor til naudsynt motorferdsel i samband med transport på Langedalsvatnet, då dette er ein miljøvenleg og skånsam form for motorferdsel

1. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev Gimmestad/Moen sameige løyve til å bruke båt med elektrisk påhengsmotor på Langedalsvatnet i samband med transport til hytter, stølar og naust, og transport av utstyr i samband med beitedrift. Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta § 3, pkt 5.3. b), e) og f).

#### **Vilkår for løyvet:**

- Løyvet gjeld for perioden 2014 – 2016
  - Løyvet gjeld for inntil 40 turar kvart år, som styret i sameiga disponerer og kan fordele etter behov
  - Løyvet kan ikkje nyttast til rein persontransport, rekreasjon eller fiske
  - Det bør, so langt det er mogleg, ikkje køyrast på søndagar og heilagdagar
  - Det skal sendast rapport innan utgongen av november kvart år, om kor mange av turane som er nytta det året
2. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknad frå Gimmestad/Moen sameige om å nytte elektrisk påhengsmotor i samband med transport av turistar på Langedalsvatnet. Avslaget er grunngjeve med at det ikkje er heimel i verken verneforskrifta eller i naturmangfaldlova § 48 til å gje eit slikt løyve som det er søkt om.

Arkivsaksnr: 2014/719-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 24.03.2014

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	5/14	23.04.2014

**Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om oppføring av uthus - Marius Ness****Dokument i saka:**

- Søknad om oppføring av uthus frå Marius Ness
- Uttale frå fylkeskommunen si kulturavdeling

**Søknad**

Marius Ness i Naustedalen søker om å få sette opp eit uthus med toalett på stølen sin «Nesrimma». Stølen ligg i dalføret langs Nausta aust for Vonavatnet. Frå før står der eit stølshus som er i bruk i dag, og der er restar/spor etter 3 andre bygningar på eller ved stølsvollen.

Ness søker om å få bygge eit uthus på stølen, der kor den gamle fjøsen stod. Uhuset skal vere 2,5 x 3 m, altso 7,5 m<sup>2</sup> flatemål. Bygget skal ha torvtak, liggande kledning og «fjordbrun» farge.

Søkjaren melder om at uthuset vil bety mykje for trivselen og bruken av stølen. Stølen er mykje i bruk, særleg i barmarkssesongen, og då er det eit sakin å ikkje ha skikkelege toalettfasilitetar. Stølen vert brukt til rekreasjon, i samband med jakt og i samband med tilsyn med beitedyr. Ness har sau på beite i dette området om sommaren.

**Verneforskrift og regelverk**

Byggeverksemrd i verna område er strengt regulert og oppføring av nye bygningar er i utgangspunktet forbode i landskapsvernombordet. Det er likevel opna for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til oppføring av bygningar i visse tilfelle. Mellom anna gjeld dette bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift. Dette står presisert i § 3 i verneforskrifta:

### § 3 Verneregler

#### 1.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- c) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift som ikkje er i strid med verneformålet i samhøve med forvaltingsplanen etter § 5. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.

Verneområdestyret har altso heimel i verneforskrifta til å gje eit slikt løyve som det er søkt om, so lenge tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.

Oppføring av bygningar og andre byggearbeider er som regel omfatta av Plan- og bygningslova. Det er kommunen som handsamer dette lovverket og søkeren er sjølv ansvarleg for å få på plass eventuelt løyve.

#### Vurdering

Byggesaker i verna natur er ofte kompliserte saker, der fleire omsyn må vegast opp mot kvarandre. Særleg gjeld dette stølar og stølsmiljø. På den eine sida står grunntanken bak vernet, om å bevare eit område og eit bygningsmiljø som det er med sine bygningar og sin byggeskikk. På den andre sida står brukarane og eigarane av eksisterande bygningar sine behov og ynskjer om å ha ein støl og ein bygningsmasse som kan brukast etter dagens krav og standard. Ei forvaltning som er for liberal kan føre til at tradisjonell byggeskikk vert «utvatna» og verneverdige bygningsmiljø øydelagt. Ei for restriktiv forvaltning kan derimot føre til at stølane går ut av bruk og forfall. Begge deler er like uønska og ein må derfor finne ein god balansegang mellom desse omsyna.

Marius Ness søker om å få føre opp eit uthus på stølen sin. Her står det frå før eit stølshus, men ikkje andre ståande bygningar. Stølshuset er eit tradisjonelt stølshus med rektangulær form, torvtak, liggande kledning og nokre få, små vindauge. I tillegg er det restar etter tre andre, eldre bygningar på stølen. Den nye uthuset er tenkt oppført der kor den gamle fjøsen stod. Der er det no i følgje søkeren berre rotne og mosegrødde restar etter treverket att etter fjøsen.

Føremålet med uthuset er å få lagre reiskap, utstyr og verktøy som er kjekt å ha på stølen og som trengs i samband med hald av beitedyr i området. I tillegg er det ynskje om å lage til toalettfasilitetar (snurredo, bio-do, utedo eller liknande) i uthuset. Det er ikkje toalett på stølen per i dag og det er eit stort sakn. Skikklege toalettfasilitetar er vanleg å ha på hytter og stølar i dag, og det fins mange løysingar som ikkje er avhengige av straum eller innlagt vatn, og som dermed kan brukast på gamle stølar.

Marius Ness driv aktivt landbruk på Nes i Instedalen, og har sau på utmarksbeite i dette området om sommaren. Stølen vert brukt i samband med tilsyn og hald av desse beitedyra. At stølen er i brukbar stand er viktig for at brukaren kan oppretthalde beitebruken, bruken av stølen og at stølen vart halden ved like.

Stølsmiljøa, stølstradisjonane og kulturlandskapet er ein viktig del av verneverdiane i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Desse miljøa og verdiane har blitt til gjennom bruk, og er avhengige av framleis bruk om ein skal ta vare på dei. Ein bør derfor i forvaltinga legge til rette for at bruken held fram. Samstundes må ein vere merksam på at bygningar som bryt med den tradisjonelle byggeskikken reduserer verneverdien og er i strid med verneføremålet. Omsynet til tradisjonell byggeskikk må derfor vektleggast tungt i byggesaker som denne. Ofte kan dette omsynet sikrast gjennom vilkår i eit eventuelt løyve. Her er det vanleg å støtte seg til fylkeskommunen si kulturavdeling, som er nærmaste faginstans på tradisjonell byggeskikk. Dei har hatt søknaden på høyring, og skriv tilbake at dei ikkje har nokon merknader til uthuset eller utforminga av den. Men dei rår til at det ikkje vert gjort endringar på jordfaste steinar eller murverk etter den gamle fjøsen.

Eit anna viktig moment er at bygningane er tilpassa landskapet. Bygningar som bryt med landskapet eller som er veldig framtredande i landskapet vil ofte ha negativ effekt på landskapet sin art og karakter. I denne saken er det snakk om å plassere bygningen i eit eksisterande bygningsmiljø. I tillegg ligg stølsvollen i eit område med skog rundt på alle kantar. Det er derfor ikkje venta at uthuset vil ha negative effektar på landskapet.

Nesrimma er ein fin støl som ligg flott til på ei lita høgde i landskapet. Her er ein stølsvoll som kanskje har vore slått i tidlegare tider. Rundt stølen står det planta grantre, truleg som leplanting. Det vil vere ønskjeleg med skjøtsel av denne stølen, både i form av å ta vekk grana og i form av slått av stølsvollen. Eit uthus som kan legge opp til meir bruk av stølen, og kor ein kan lagre reiskap til bruk i skjøtsel kan derfor virke positivt for verneverdiane.

Verneområdeforvaltaren har stor forståing for søkeren sitt behov og ønskje om å føre opp uthus med toalett. Etter verneområdeforvaltaren sitt syn er tiltaket ikkje i strid med verneverdiar eller verneføremål, men heller med på å styrke vernet gjennom å legge til rette for tradisjonell bruk av Nesrimma.

Bruk av motorferdsel i samband med transport av material og utstyr som trengs i bygginga, må søker om til forvalningsstyresmakta.

#### **Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova**

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal all handheving av offentleg mynde som kan ha verknad på naturmiljøet, vurderast mot miljørettsprinsippa som står i nml §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8) i denne saka byggjer på det som står om bygningar og stølsmiljø, både generelt og i dette området spesielt, i førearbeida til vernet. Verneområdeforvaltaren var på synfaring på Nesrimma i 2012. Naturbase og Artskart er sjekka, utan at dei synte førekomstar i dette området som kan verte påverka. Kulturavdelinga til fylkeskommunen er konferert med tanke på tradisjonell byggeskikk. Kunnskapsgrunnlaget og kunnskap kring effekten av dette tiltaket er godt. Føre-var-prinsippet (jf. § 9) kjem derfor ikkje i bruk i dette saka.

Det er ikkje venta at samla belastning (jf. § 10) vil auke som følgje av tiltaket, då det er snakk om eit mindre bygg i eit eksisterande bygningsmiljø. Tiltakshavar vil vere ansvarleg for eventuell øydelegging av natur og miljø som tiltaket kan føre med seg (jf. § 11), med det er ikkje venta at tiltaket skal føre med seg slik øydelegging eller skade på natur eller terreng. Mest skånsame lokalisering er valt (jf. § 12), då bygget skal førast opp i eit eksisterande bygningsmiljø og i skogsterren slik at bygget ikkje vert særleg synleg i landskapet.

#### **Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev Marius Ness løyve til å føre opp uthus med utedo på Nesrimma. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 c), og gjeld på følgjande vilkår:

- Uthuset skal førast opp der den gamle fjøsen stod, i tråd med skissa som var vedlagt søknaden
- Bygget skal førast opp slik som det står beskrive i søknaden og i tråd med skissene som var vedlagt søknaden
- Takvinkel, utstikk, vindauge, lister og andre utvendige detaljar skal vere lik slik som det er på stølshuset som står der i dag
- Jordfaste steinar av ein viss storleik eller murverk etter den gamle fjøsen skal ikkje endrast eller fjernast med mindre det er heilt naudsynt
- Uthuset skal førast opp innan 5 år, og resultatet skal dokumenterast med bilete.
- Tiltaket skal ikkje føre til unødig skade på natur, miljø eller terrenget, og det skal ryddast skikkeleg opp etter att arbeidet er ferdig.

### **Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - 23.04.2014**

#### **Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev Marius Ness løyve til å føre opp uthus med utedo på Nesrimma. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 c), og gjeld på følgjande vilkår:

- Uthuset skal førast opp der den gamle fjøsen stod, i tråd med skissa som var vedlagt søknaden
- Bygget skal førast opp slik som det står beskrive i søknaden og i tråd med skissene som var vedlagt søknaden
- Takvinkel, utstikk, vindauge, lister og andre utvendige detaljar skal vere lik slik som det er på stølshuset som står der i dag
- Jordfaste steinar av ein viss storleik eller murverk etter den gamle fjøsen skal ikkje endrast eller fjernast med mindre det er heilt naudsynt
- Uthuset skal førast opp innan 3 år, og resultatet skal dokumenterast med bilete.
- Tiltaket skal ikkje føre til unødig skade på natur, miljø eller terrenget, og det skal ryddast skikkeleg opp etter att arbeidet er ferdig.

Arkivsaksnr: 2014/1482-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 03.04.2014

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	6/14	23.04.2014

## **Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om bygging av utedo på Arnestadstøylen - Arnestad grunneigarlag**

### **Dokument i saka:**

- Søknad om å få bygge utedo på Arnestadstøylen
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord

### **Søknad**

Arnestad grunneigarlag ynskjer å bygge ny utedo på Arnestadstøylen. Den gamle utedoen stettar ikkje lenger dagens krav og ynskjer til miljø og reinhald. Dei vil derfor bygge ein ny felles utedo til å erstatte den dei har i dag, med betre og meir moderne «snurredo»-løysing.

Grunneigarlaget ynskjer å bygge utedoen som eit bygg på 2 x3 m med ståhøgde innvendig, med liggande kledning og saltak med torv. Grunnmuren må vere 60 cm høg for å få plass til behaldar, og er tenkt bygd med H-blokker som vert blenda med naturstein. Det skal vere eit lite vindauge med sprosser på bygget, og dør på 180x80 cm.

Utedoen skal plasserast mellom der den gamle utedoen står i dag, og danseflaken. Den nye doen vert ståande open for ålmenta. Søkjar opplyser om at den gamle utedoen skal fjernast når den nye er ferdig.

Søkjaren opplyser og om at dei har fått SMIL-midlar frå kommunen til tiltaket.

### **Verneforskrift og regelverk**

Oppføring av bygning er inngrep som i utgangspunktet er forbode i landskapsvernombordet. Det er likevel opna for å kunne gje løyve til å oppføre nye bygningar i visse tilfelle som er lista opp i verneforskrifta sin § 3 pkt 1.3, mellom anna til landbruksføremål:

#### *1.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:*

- c) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift som ikkje er i strid med verneformålet i samhøve med forvaltingsplanen etter § 5. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.

Den felles utedoen på Arnestadstøylen er viktig for bruken av støylen. Støylar er ein del av landbruket, ikkje berre gjennom tradisjon og historie men og i samband med hald av beitedyr i utmark. Oppføring av ny utedo skal derfor handsamast etter denne heimelen.

For å bruke denne heimelen er det eit vilkår at tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet. Føremålet med vernet er å ta vare på landskapsets art og karakter. Oppføring av ein ny utedo i eit eksisterande bygningsmiljø vil ikkje vere i strid med det føremålet. Det er derfor heimelsgrunnlag for å gje eit slikt løyve som det er søkt om.

Søkjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver etter plan og bygningslova og eventuelt anna lovverk.

### Vurdering

Sjølv om det er heimel til å gje løyve til å eit løyve, so er det ikkje automatikk i at det vert gjeve.

Forvaltningsstyresmakta må gjere ei fagleg vurdering, vurdere nytteverdi og positive verknader opp mot negative verknader, og konkludere med om ein skal gje eit løyve eller ikkje og eventuelle vilkår.

Føremålet med å bygge ny utedo er å få betre sanitærforhold på Arnestadstøylen enn kva som har vore til no. Dei ynskjer å bruke ein meir moderne «snurredo»-løysing som reduserer ulemper med lukt, avrenning og kapasitet som ein har med dagens gammaldagse utedo. Det vil og verte meir hygieniske tilhøve på toalettet, i tråd med dei krav dei fleste har til dette i dag.

Arnestadstøylen har eit veldig tradisjonelt og flott støyldmiljø. Det å ha ein fellesdo med tilfredstillande standard vil fjerne eller i alle fall redusere behov for å bygge på støyldhus og installere toalettløysingar i bygningane på støylen. Ei løysing med eit godt fellestoalett vil vere betre for bygningsmiljøet på støylen enn om alle skulle bygge sine eigne. Den nye utedoen vert ståande open og tilgjengeleg for alle. Det vil vere positivt for ålmenta og ålmenta sin bruk av Arnestadstøylen og Langedalen som turområde.

Byggesaker vil alltid til ei viss grad vere kontroversielle i eit verneområde. Bygningar er med på å prege landskapet, og ein bygning som bryt med landskap, terrenget eller tradisjonell byggestil kan ha negativ verknad på verneverdiar og verneføremål. Det er derfor vanleg å ha ei restriktiv holdning til bygging i verna natur. Men ein skal også ta med i vurderinga at det er eit landskapsvernombord, og at det der er landskapsets art og karakter som skal takast vare på. Det er eit viktig moment med tanke på detaljnivå for forvaltninga. Det er også eit viktig og «formildande» moment at bygget skal førast opp i eit eksisterande bygningsmiljø.

I denne saka er det snakk om å bygge opp ein ny bygning, for so å rive ein gammal. Tal på bygningar vil også vere det same. Den nye utedoen vil verte litt større enn den gamle, men den vil truleg verte «penare» og den vil som sagt ha positive effektar for miljø og trivsel. Utedoen vil vere til nytte både for grunneigarane og for ålmenta.

Slik verneområdeforvaltaren ser det, er nytteverdien og dei positive effektane av dette tiltaket, større enn dei negative. Han ser derfor positivt på tiltaket.

## **Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12**

Jamfør nml § 7, skal all bruk av offentleg mynde som kan påverke naturmiljøet, vurderast opp mot prinsippa i §§ 8-12.

Lova set krav om eit godt kunnskapsgrunnlag bak bruk av offentleg mynde, jamfør § 8. Arnestadstøylen er godt kjent for forvaltninga, vi har vore på fleire synfaringar og turar der. I tillegg er Naturbase og Artskart sjekka. Kunnskapsgrunnlaget er godt og føre-var-prinsippet i § 9 kjem ikkje i bruk.

Den samla belastninga (jf. § 10) på naturverdiane i området vil ikkje auke som følgje av tiltaket. Heller motsatt då ei ny toalettløysing føre til mindre avrenning og betre lokalmiljø på og rundt støylen.

Eventuelle kostander ved opprydding etter tiltaket vil tiltakshavar måtte stå til ansvar for, men det er ikkje venta at tiltaket vil føre til skade på natur eller miljø som kan verte erstatningspliktig jamfør § 11. Mest skånsame lokalitet (jf. § 12) er valt, då utedoen skal førast opp i eit eksisterande bygningsmiljø.

### **Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev, med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 c), Arnestad grunneigarlag løyve til å bygge ny utedo med snurredoløysing på Arnestadstøylen.

Vilkår for løyvet:

- Bygget skal førast opp som beskrive i søknaden, med enkelt saltak med torv, liggande kledning og med plassering som synt på kart
- Den gamle utedoen, inkludert fundamentet, skal fjernast når den nye utedoen er ferdig
- Utedoen skal vere open for ålmenta
- Bygget skal vere ferdig innan 3 år
- Når det nye bygget er ferdig og den gamle skal dette dokumenterast med bilete eller synfaring og det skal sendast ein kort rapport til forvaltningsstyresmakta

## **Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 23.04.2014**

### **Vedtak**

Styret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg

Arkivsaksnr: 2011/2171-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 25.03.2014

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	7/14	23.04.2014

## **Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Buføringsveg i Traudalen**

### **Bakgrunn**

I «alle år» har det vore beiting med storfe i Traudalen. Pleie av kulturlandskapet i form av beiting er viktig for å oppretthalde verneverdiane og kulturlandskapet rundt Dalsbøen og i elles i Traudalen. Men siste åra har grunneigar og beitebrukar Kristen Grov hatt stadig større vanskar med å drive storfe inn til Dalsbøen, grunna tilstanden på stien frå Osen og innover mot Dalsbøen.

Verneområdeforvaltar og lokalt naturoppsyn har, i samarbeid med grunneigar, laga ein plan for utbetring og opprusting av stølsråsa/buføringsvegen. Buføringsvegen må utbetraast i ei lengde på om lag 360 meter frå vegenden ved nausta i Osen og inn til Rørvika. På grunn av mykje grov stein, so må jobben gjerast med gravemaskin.

Dette er eit tiltak som normalt er søknadspliktig. Dersom nokon private skal gjere eit slikt tiltak, so må dei søke. Derfor bør verneområdestyret handsame saka som ein søknad, og vurdere om tiltaket kan og bør gjennomførast, sjølv om det er verneområdeforvaltninga sjølv som står bak tiltaket.

### **Verneforskrift og anna regelverk**

Tunge fysiske inngrep i landskapsvernombordet er i utgangspunktet forbode. Utbetring av sti/buføringsveg med gravemaskin eller anna motorisert maskineri må sjåast på som eit tungt inngrep. Det er likevel opna i verneforskrifta for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til opparbeiding av turstiar til visse føremål. Sjølv om det er forvaltningsstyresmakta sjølv som står ansvarleg for tiltaket, so må verneområdestyret handsame saka som ein søknad og fatte vedtak om tiltaket skal kunne gjennomførast eller ikkje.

### **Verneforskrifta § 3:**

- 1.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:**
  - g) Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.*
  - h) Merking og opparbeiding av turstiar og merking av jaktpostar.*

Føremålet bak tiltaket er både landbruk/beitebruk og friluftsliv.

Tiltaket vil truleg måtte ha løyve frå kommunen, og ikkje minst løyve frå grunneigarane. Tiltakshavar, som i dette tilfelle vil vere forvaltningsstyresmakta, må ha på plass desse løyva før arbeidet kan starte opp.

### **Vurdering**

Det vil alltid vere kontroversielt med eit slikt inngrep inn i eit verna område. Slik som tiltaket er planlagt so må det brukast gravemaskin og beltedumper i utbetringa av vegen. Den typen arbeid og inngrep er normalt sett forbode i landskapsvernombordet.

Likevel er det slik at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til utbetring eller opparbeiding av stiar med heimel i verneforskrifta. Det må då gjerast ei heilsakleg vurdering om tiltaket i tråd med verneføremål og verneverdiar og at det ikkje har negativ verknad på naturmiljø eller landskapet.

Utbetring av stien innover mot Dalsbøen vil ha to føremål. Først og fremst å betre stien som buføringsveg slik at storfe framleis kan sendast på beite på Dalsbøen og vidare innover i Traudalen. Storfe på beite har lenge vore ein viktig del av stølsmiljøet rundt Dalsbøen, og viktig for å oppretthalde verneverdiane her. Siste åra har ikkje grunneigaren fått inn so mange dyr som han ynskjer, og om ikkje det vert gjort noko må han vurdere å slutte med storfebeitning innover i Traudalen. Det vil vere negativt for stølsmiljøet og verneverdiane.

I tillegg vil utbetring av stien forbi dette partiet gjere den mykje meir brukarvenleg for friluftsbrukarar. Stien er populær i tursamanheng, og er vert nytta til turar til Dalsbøen, rundt Traudalsvatnet og over til Gjengedalsstøylene. Slik tilstanden er på stien i dag, urete med mykje grov stein, er den ikkje god å gå på. Utbetring av stien vil gje betre, enklare og sikrare tilgang til Dalsbøen for mange brukargrupper.

Det er ikkje registrert sårbare eller viktige naturverdiar i Naturbase eller Artskart langs traseen der stien går. Det er heller ikkje venta at utbetring av stien skal føre til negative skadeverknader for terregn, vegetasjon eller anna naturmiljø langs traseen, so lenge det vert lagt ein god og gjennomtenkt plan for gjennomføringa og so lenge det vert gjort eit skikkeleg arbeid med revegtering.

Tiltaket vil skje i eit område som frå før er prega av inngrep. Ved Osen der stien startar er det traktorveg, nausttomter og fleire naust på oppbygde tomter. Her er det allereie gjort ganske store inngrep i landskapet før det vart verna. Stien går innover mot Dalsbøen, eit stølsmiljø som sjølv sagt og er prega av ulike inngrep i landskapet gjennom tidene. Likevel vil tiltaket føre til at tekniske inngrep går lenger innover i «urørt» natur enn kva det gjer i dag. Tiltaket er i grenseland om det er «tungt» nok til redusere Inngrepsfrie Naturområde (INON). Verneområdeforvaltaren tolkar definisjonane i INON-systemet slik at tiltaket ikkje reduserer INON, då buføringsvegen ikkje vert rusta opp til traktorveg.

Vi ser at verneområdestyret har heimel i forskrifta til å gje løyve til eit slikt tiltak. Vi ser og at det vil ha positive verknader for beitebruk og dermed for kulturlandskapet i Traudalen. På sikt vil kulturlandskapet og verneverdiane verte negativt påverka dersom beitinga med storfe går ned eller forsvinn. Samstundes er det snakk om eit irreversibelt og i utgangspunktet uønska inngrep i landskapsvernombordet. Verneområdestyret må derfor vekte dei positive effektane av tiltaket opp mot dei negative, og konkludere med om det skal gjennomførast.

Dersom tiltaket skal gjennomførast, bør verneområdestyret i so fall legge ein del vilkår og rammer for gjennomføringa.

#### **Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12**

Jamfør nml § 7 so skal alle vedtak som kan få verknad på naturmiljøet vurderast etter miljørettsprinsippa i §§ 8-12. I § 8 vert det satt krav til eit skikkeleg kunnskapsgrunnlag bak alle vedtak. I dette tilfellet har forvaltar og naturoppsyn vore på fleire synfaringar og hatt mykje dialog med grunneigar og andre lokalkjende. Artskart og Naturbase er sjekka med omsyn til førekomstar av viktige eller sårbare naturkvalitetar ved traseen. Kunnskapsgrunnlaget er godt, og føre-var-prinsippet i § 9 kjem ikkje i bruk.

Ein skal vurdere den samla belastninga av tiltaket, både av sjølve tiltaket og eventuelle framtidige tiltak, jamfør nml § 10. Tiltaket vil føre med seg eit inngrep i landskapsvernombordet og dermed auke det totale omfanget av inngrep i landskapsvernombordet. Grundig planlegging og strenge krav til gjennomføring og sluttprodukt vil minimere effekten av inngrepet i landskapet. Tiltaket vil føre til auka bruk av området, men bruken vil vere ønskjeleg og det er venta at auka bruk i form av beitebruk og friluftsliv heller vil gje positiv enn negativ verknad på verneverdiane.

Tiltakshavar, som i dette tilfellet er forvalningsstyresmakta sjølv, vil vere økonomisk ansvarleg for eventuelle skader på terren og miljø som tiltaket måtte føre med seg, jf. nml § 11.

Ein skal, jamfør § 12, nytte den mest skånsame metoden som er praktisk og økonomisk gjennomførbar. Ein kan alltid stille spørsmål om det er akseptabelt å bruke gravemaskin inne i eit landskapsvernombord. Skal ein få den buføringsvegen ein trenger her, og med so mykje grov stein, so må ein bruke maskiner. Ein må truleg og tilføre masse for å få ein slitesterk og brukbar sti. I slike tilfelle er det viktig å bruke dei erfaringane ein har frå liknande tiltak tidlegare. Lokalt naturoppsyn har vore med på fleire slike prosjekt i Jostedalsbreen nasjonalpark og vore ein ressursperson for SNO innanfor tilrettelegging av stiar. Det er også viktig å velje rette maskinførar og legg dei riktige føringane for arbeidet. Den kompetansen har vi her gjennom lokalt SNO.

**Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre går vidare med utbetring av stølsstien frå Osen og inn mot Dalsbøen. Lokalt naturoppsyn får det faglege ansvaret for planlegging og gjennomføring av tiltaket, medan verneområdestyret står økonomisk ansvarleg for gjennomføringa.

Tiltaket skal planleggast og gjennomførast i samarbeid med grunneigarane, og i samråd med kommunen.

Verneområdeforvaltar får ansvar for å få på plass naudsynte løyper frå kommune og grunneigarar. Forvaltaren får og ansvar for å gjennomføre anbodskonkurranse i tråd med staten sine reglar for offentlege innkjøp.

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde - 23.04.2014**

**Vedtak**

Verneområdestyret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg

Arkivsaksnr: 2014/1221-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 25.03.2014

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet	8/14	23.04.2014

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - prioritering av bestillingsdialogmidlar for 2014**

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet har for 2014 fått kr 520.000 til tiltak i landskapsvernombordet. I år er heile tildelinga samla, og ikkje delt mellom bestillingsdialog og «styret sine tiltaksmidlar», slik som dei har vore tidlegare.

Verneområdestyret må bestemme korleis dei skal prioritere og disponere dei tildelte midlane.

### **Verneområdeforvaltaren har følgjande framlegg til fordeling:**

Tiltak	prioritet dialogmøte 1	Beløp dialogmøte 1	Beløp dialogmøte 2
Skjøtselsplan Nesstølen	1	60 000	40 000
Buføringsveg i Traudalen	2	400 000	200 000
Bruer Botnavatnet	3	15 000	15 000
Skjøtsel Arnestadstøylen	4	10 000	10 000
Stien Gjengedalsstøylen - Byrkjeneset	5	100 000	70 000
Parkeringsplass Ryssdal	6	65 000	65 000
Fjerning av gran	7	100 000	50 000
Styret sine tiltaksmidlar			70 000
<b>Sum</b>		<b>750000</b>	<b>520000</b>

## **Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet - 23.04.2014**

### **Vedtak**

Verneområdestyret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg

Arkivsaksnr: 2011/2171-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 25.03.2014

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	9/14	23.04.2014

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyringsuttale til Gjengedal kraftverk**

Verneområdeforvaltaren har skrive følgjande framlegg til høyringsuttale:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har gjort seg kjend med planane om kraftutbygging i Gjengedalsvassdraget, som er skildra i konsesjonssøknaden. Verneområdestyret registrerer at planane er tilpassa reglane verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord, og at planane ikkje fører med seg inngrep som treng løyve frå verneområdestyret.

Verneområdestyret har likevel nokre innspel til konsesjonssøknaden.

- Val av alternativ**

Vi vil råde til at utbyggingsalternativ 2 utan regulering av Storevatnet vert valt.

Alternativ 2 vil ikkje føre til fysiske inngrep inn i landskapsvernombordet, og vil derfor vere å føretrekke framfor alternativ 1 som vil føre med seg ei mindre regulering av Storevatnet.

Sjølv om regulering av Storevatnet i alternativ 1 vil vere innanfor naturleg vasstandsvariasjon, so vil det kunne medføre ei «kjøring» av vatnet som skil seg frå dei naturlege endringane i vasstand. Til dømes kan magasinering av vatn på vinteren og våren føre til at det kjem overvatn oppå isen. Det vil vere veldig uheldig for dei som brukar vatnet og området vidare innover til skiturar på seinvinteren og rundt påske.

- Vasstand**

Dersom alternativ 1 vert valt, vil det innebere ei regulering på inntil 0,7 m for Storevatnet og 0,9 m for Dalevatnet. Mesteparten av Storevatnet ligg inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord og vatnet er eit særskilt landskapselement for denne delen av verneområdet. Særleg rundt inste delen av Storevatnet er det sand- og steinstrand i vasskanten og stadvis ganske langgrunt. Det betyr at sjølv ei regulering med låg reguleringshøgd, vil kunne ha stor visuell effekt.

I delar av året er det naturleg låg vasstand og i desse periodane er dette ein naturleg situasjon. Derimot vil det vere unaturleg, både visuelt og for naturmiljøet i og rundt vatnet, om vatnet vert køyrt ned mot lågaste regulerte vasstand (LRV) i periodar når vatnet normalt sett skal ha høg vasstand. Det vil og vere unaturleg og uheldig om vatnet vert halde nede mot LRV over lengre tid.

Dette omsynet er til ei viss grad sikra ved at vasstanden i perioden 15.mai til 1.juli ikkje skal vere lågare enn 30 cm under høgaste regulerte vasstand (HRV). Dette av omsyn til hekkande storlom.

Verneområdestyret vil oppmode om at køyring av magasina vert lagt opp slik at ein unngår lange periodar med unaturleg låg vasstand for årstida.

- **Landskapstilpassa og lite synlege installasjonar og inngrep**

Sjølv om alle installasjonar og inngrep er planlagt utanfor landskapsvernombordet, vil fleire av dei vere synlege frå verneområdet og vil kunne prege landskapets art og karakter. Verneområdestyret vil derfor oppmode om at alle installasjonar og inngrep vert tilpassa landskap og terrenget, og at dei vert gjort så diskret og lite synleg som råd er.

- **Parkeringsplass**

Verneområdestyret noterer seg planane om å lage parkeringsplass med utkikkspunkt av tunnelmasse og er særskilt positive til dette. Vi vil og oppmode om at her vert laga til rastebord, informasjonstavle og toalett.

## **Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - 23.04.2014**

### **Vedtak**

Verneområdestyret vedtok å sende inn framlegg til høyringsforslag som verneområdeforvaltaren har skrive, med ei endring:

Setninga «*Vi vil råde til at utbyggingsalternativ 2 utan regulering av Storevatnet vert valt.*» vert stroken då resten av avsnittet dekkar verneområdestyret sitt syn.

Arkivsaksnr: 2011/2171-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 25.03.2014

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	10/14	23.04.2014

## **Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Høyringsuttale Kupekraft**

Verneområdeforvaltaren har skrive følgjande framlegg til høyringsuttale:

Prosjektet som Kupekraft SUS har søkt om konsesjon til er tilpassa dei reglane som står i verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord. Vi vil likevel kome med nokre innspel dom vi vonar vil verte teke omsyn til og vektlagt i prosessen vidare.

- Bortfall av inngrepsfri natur**

Ei utbygging av Stegvatnet vil føre med seg tekniske inngrep lenger innover i fjellet enn det som er i dag, og dermed bortfall av inngrepsfri natur (INON). Inngrepsfri natur, og då særleg villmarksprega natur (>5 km frå teknisk inngrep) er sterkt redusert gjennom dei siste hundre åra, og det er generelt viktig å ta vare på dei områda vi har att av villmarksområder i dag.

I «kjerna» av Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord er det per i dag eit areal av villmark (INON Sone 1, >5 km frå teknisk inngrep) på 47,8 km<sup>2</sup>. Det er eit av dei største områda i den kategorien so langt vest i Norge. Ved utbygging av Kupekraftprosjektet vil villmarksområdet verte redusert med 13,25 km<sup>2</sup>, ein reduksjon på 27 % av dagens villmarksareal.

Dette er sjølv sagt ikkje heldig. Samstundes er INON eit administrativt og teoretisk verktøy, og det er ikkje sikkert at den negative påverknaden av landskapet i praksis vil vere like stor som bortfall av INON skulle tilseie.

- Inngrep i landskapet**

Realisering av dei planane det her er søkt om vil føre med seg ein del inngrep i dalføret frå Legestølen og innover mot grensa til landskapsvernombordet ved utløpet av Stegvatnet. Dette er ein av dei viktigaste innfallsportane til Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord. Sjølv om inngrepa kjem utanfor det som er verna område er det viktig for totalinntrykket, og for landskapet sin art og karakter, at inngrepa ikkje vert skjemmande for landskapet.

Verneområdestyret vil derfor oppmøde om at alle inngrep i samband med kraftutbygginga vert tilpassa landskap og terreng og gjort so lite synlege som muleg.

- **Fisken i Stegvatnet**

Det er aure i Stegvatnet, men det har vore lite fiske i vatnet siste åra. Det bør likevel gjerast ei kompetent vurdering av kva effektar utbygginga kan ha for fisken i Stegvatnet. Dersom utbygginga fører med seg negative effektar bør det setjast krav om avbøtande tiltak i ein eventuell konsesjon.

- **Val av alternativ**

I konsesjonssøknaden er det sett fram to alternativ; 1. inntak rett nedstraums for utløpet frå Stegvatnet, og 2. inntak rett frå Stegvatnet under vasslinja.

Første alternativ krev at det vert støypt ein liten inntaksdam i betong. Med denne løysinga vert alle inngrep og installasjonar utanfor grensa til verneområdet. Men dette vil verte ein synleg installasjon og eit framandelement i landskapet, sjølv om det vert plassert slik at det vert minst muleg synleg frå stien og vatnet.

I det andre alternativet skal inntaket førast direkte inn i Stegvatnet. Inntaket skal då vere om lag 2 meter under lågaste naturlege vasstand. Dette vil føre med seg inngrep innanfor grensa til landskapsvernombordet, men totalt sett vil det i følgje søknaden føre med seg mindre synlege inngrep enn alternativ 1.

Inntak direkte i vatnet er tenkt kombinert med ein terskel i utløpet. Dette for å kunne utnytte den naturlege variasjonen i vasstand som magasin. Terskelen vil då ligge utanfor landskapsvernombordet, men verneområdestyret vil oppmode om at denne terskelen vert laga so lite synleg som muleg og gjerne kledd med stadeigen stein. Det må og førast tilsyn med at regulering ikkje går ut over den naturlege vasstandvariasjonen.

Under dei føresetnader som her er nemnd, vil Naustdal-Gjengedal verneområdestyre råde til at alternativ 1 vert valt, slik at ein unngår fysiske inngrep innanfor grensa til landskapsvernombordet.

**PS: Vi vil gjere merksam på at det alternativ 2 krev dispensasjon frå verneforskrifta, då dette vil føre med seg inngrep innanfor landskapsvernombordet.**

## Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - 23.04.2014

### Vedtak

Verneområdestyret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg

## **ST 11/14 Eventuelt**

### **Vedtak**

Neste møte i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vert onsdag 4. juni på Sandane og det møtet skal kombinerast med synfaring i Traudalen i samband med utbetring av buføringsvegen der.